

## **Referat frå drøftingsmøte med tillitsvalte, 02.09.14, kl. 13.00 – 14.00**

### **Til stades:**

Kari Margrete Fardal – Utdanningsforbundet

Jill Renate Flatjord – Tekna

Svein Hauge – NITTO

Jan Erik Bjørk – Delta og Parat

Erna Hamrum – LO forbunda

Marta Sofie Vange – Rektor

Per Arne Strand – Ped.leiar /referent

### **Ikkje tilstades:**

#### **Sak 1. Parkeringsavtale på Fosshaugane campus**

Rektor la fram utkast til parkeringsavtale for Fosshaugane Campus, eit utkast som BET har sendt oss for uttale. Den skal behandlast i fylkesutvalet seinare i haust. Saka skal og behandlast i LAMU.

Organisasjonane tykkjer prisauken er langt over det som kan forvent. Dei tykkjer vidare det er urimeleg at parkeringsavgift på eksisterande plassar skal gå til å finansiere nye plassar på andre område. Det bør ikkje vere ulik avgift ute og inne, det bør gå å parkere både ute og inne på same kort. Avtalen påfører tilsette ved Sogndal vgs høge ekstrakostnader samanlikna med andre fylkeskommunalt tilsette.

Drøftingsmøte seier eit klart nei til ny avtale både prisauken og avtalen sitt innhald.

#### **Sak 2. Møteplan for drøftingsmøte.**

Høveleg møtetidspunkt er tysdagane kl. 12. Erna Hamrum har undervisning annakvar tysdag, men kan tilpasse seg

#### **Sak 3. Ymse**

- Neste møte er det naturleg å ta opp arbeidstidsavtalen og byrdefullpotten mellom anna.
- Vi må få eit klart kart over skulen sitt område i samband med forbodet mot røyking for tilsette. Tobakksbrukarar opplever sjikane i samband med røykinga, noko som vert opplevd som krevjande. Dette må vi ta opp.

02. september 2014, Per Arne Strand - referent.